



MESTERHUS
– det blir som avtalt

Lindås Kommune
Byggesak

HJELMÅS, 04.03.2016

Tilleggsinformasjon - sak 16/592 - gbnr 24/4

Me viser til brev med dato 23/02-16 der de ber om tilleggsinformasjon.

Plan teikningar er vedlagt her, med synleggjering av rominndeling og funksjon. Dette var utelatt i forrige innsending fordi vi av tidlegare erfaring har sett at kommunen ikkje ber om dette, og heller ikkje treng det, for å fatte vedtak i slik sak. Vi sender det sjølvstilt inn på oppmoding, og når det er naudsynt for å opplyse saka tilstrekkeleg.

Det er vedlagt komplett nytt teikningssett, inkludert situasjonsplan. Det er med bakgrunn i at tiltakshavar har komme med eit ønskje om å flytte arka ca 0,8 meter mot nord. Me gjer oppmerksom på at den endringa ikkje er nabovarsla då ein vurderer det til å ha liten eller ingen betydning for naboane med ei slik endring i forhold til kva som vart varsla. Nabo på gbnr 24/139 er likevel orientert om det, og har ingen innvendingar. Om kommunen meiner endringa må varslast ber me om tilbakemelding på det.

Me legg og ved ein redegjørelse for val av takform / visuelle kvalitetar som bedt om.

Skulle noko vere uklart, eller det er behov for ytterligere informasjon er det berre å ta kontakt på anten mail eller telefon for rask avklaring.

Med vennlig hilsen

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Lars Alvær Hagesæter
Daglig leder / Ansvarleg søkjar

Vedlegg:

- Tekninger E1-E4
- Situasjonsplan D1
- Redegjørelse takform

Kålås & Sønn
BYGGEVAREHANDEL